

INTERN TOKTRAPPORT

Fartøy: F/F "Eldjarn", tokt nr 5

Avgang: Tromsø, 1. april 1989 kl 1900

Ankomst: Kirkenes, 22. april

Område: Kystområda utanfor Troms og Finnmark, Austhavet.

Formål: Kartleggje førekomstar av lodde og torsk nær kysten, predasjon av torsk på lodde, planktonundersøkjingar.

Mannskap: V. Anthonypillai, B.K. Berntsen, P. Dalpadado (frå 12/4), H. Gjørøter (toktleiar), T.I Halland, B. Røttingen, Ø. Torgersen (instr. sjef), E. Øvretveit.

Gjester: N.H. Bjørshol og A. Pettersen, FTFI, Trondheim

Stutt samandrag:

Dekninga starta ved Andenes, og strekninga opp til Tromsøflaket, frå kysten og ut til kanten vart dekkja med tett kursnett (omlag 10 nmi mellom kursane). På Tromsøflaket, og austanfor Nordkapp, var dekninga noko opnare, med 15-20 nmi mellom kursane. Området aust til Skolpen vart dekkja, i tillegg til Varangerfjorden. Værtilhøva var særst gode. Prøvetakinga, særleg nattestid, vart mykje hindra grunna bruk i sjøen. Toktet vart avbrote i omlag 3 døgn, då vi måtte gå til staden der ein Sovjetisk ubåt forliste (sørvest av Bjørnøya) og ta vassprøver for analyse av radioaktivitet.

Lodde, i stimar eller slør, stod på Sveinsgrunnen, Malangsgrunnen, Fugløybanken og utanfor Sørøya. 91.5% var frå 1986 årsklassen, 95.5% var hoer med middellengde 15.2 cm, 98% var utgytt fisk, hannfisken var 17.1 cm lang, 70% prosent hadde gytt. 88% av all fisken hadde mat i magen. I nordkant av Nordkappbanken stod litt blanding av unglodde og utgytte 3-åringar. Elles var det berre spreidde førekomstar av lodde som vart observert, rundt Magerøya, utanfor Tana og nordaust av Vardø, kor ein konsentrasjon av 1- og 2-åringar stod over eit lite område.

Torsk og hyse vart først og fremst observert i dei same områda som lodde, men og med låg tettleik over heile undersøkingsområdet vest for Nordkapp. Austanfor var det lite å sjå, med unnatak av langs bakkekanten.




Fig. 5 Temperatur i overflata 1. til 22. april 1989




Fig. 6 Temperatur i 50 m djup 1. til 22. april 1989




Fig. 7 Temperatur i 100 m djup 1. til 22. april 1989




Fig. 8 Temperatur ved botnen 1. til 22. april 1989